



Meland kommune

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/3135 - 14/14528

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
26.09.2014

Høring, områdeplan for Knarvik sentrum

Vedlagt følgjer vedtak i formannskapet 24.09.14.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - L12	14/3135

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
73/2014	Formannskapet	PS	24.09.2014

Høyring, områdeplan for Knarvik sentrum

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Planutvalet i Lindås vedtok i møte 18.06.2014 å leggje framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum ut på offentleg ettersyn, men høyringsfrist 22.09.2014. Planen vart presentert på ein open høyringskonferanse 10. september. Administrasjonen har bedt om utsett høyringsfrist til formannskapet sitt møte 24. september.

Planområdet er relativt stort, 390 dekar. Av presentasjonen på høyringskonferansen går det fram at Knarvik skal vere ein bustadby med handel som tematikk. Det er lagt opp til 2000 bustader, 150 m2 næring og 1000 kontorarbeidsplassar. Hovudstrukturen er å binde saman nord- og sørsida av E39 med kvartalsvis utvikling av bygningsstrukturen og eit større offentleg byrom.

Plandokumenta fins på heimesidene til Lindås kommune, www.lindas.kommune.no. Under Aktuelle prosjekt og møte ligg områdeplanen for Knarvik sentrum. Plandokumenta kan også finnast ved søk på «Offentleg ettersyn», og vidare på «Slik kjem du med innspel».

Vurdering

Områdeplanen er omfattande og kompleks, og det er lagt ned mykje arbeid i å utvikle planen. For Meland kommune sin del er Knarvik viktig som regionsenter, og av saksutgreiinga går det fram at Lindås kommune er oppteken av at Knarvik skal ha ei viktig rolle i Nordhordlandsregionen. For Meland sin del er det også viktig at aksene Frekhaug – Flatøy – Knarvik vert sett i ein overordna samanheng, slik høyringsframlegget til kommuneplanen skisserer. Administrasjonen oppfattar at Knarvik plasserer seg i denne samanhengen og korresponderer med ei langsiktig utvikling av aksene, m.a. i høve til knutepunkt for infrastruktur, planar for Midtmarka og næringsutvikling i Roteviksmyra på Flatøy.

Folkehelse: Ikkje aktuelt på dette nivået

Miljø: Ikkje aktuelt på dette nivået

Økonomi: Ikkje aktuelt på dette nivået

Konklusjon

Administrasjonen har ingen merknader til områdeplanen for Knarvik sentrum.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet i Meland har ingen merknader til områdeplanen for Knarvik sentrum, sendt ut på høyring etter vedtak i Lindås kommune 18. juni 2014. Formannskapet vurderer at planen legg til rette for samarbeid mellom kommunane om utvikling av området Frekhaug – Flatøy – Knarvik.»

Formannskapet - 73/2014

FS - behandling:

FS - vedtak:

Formannskapet i Meland har ingen merknader til områdeplanen for Knarvik sentrum, sendt ut på høyring etter vedtak i Lindås kommune 18. juni 2014. Formannskapet vurderer at planen legg til rette for samarbeid mellom kommunane om utvikling av området Frekhaug – Flatøy – Knarvik.»